

Salmekveld i kyrkja måndag 22. oktober.

19.10.2018



Ein sjømanns  
grav på Curacao

Åndelege  
sjømannssongar  
og salmar

MS Anna Knudsen

Salmekveld

Salmekvelden på måndag vil handla om sjøfolk på langfart og på kysten.

**Neste salmekveld i kyrkja vert alt måndag 22. oktober kl. 19. Tema er sjøfolk ute og heime, åndelege sjømannssongar og salmar. Kyrkjekoret Nordsaang, kantor Eva Megyesi og tidlegare sjømannsprest, no sokneprest i Husnes, Valen og Holmedal, Reidar Ådnanes vert med på salmekvelden. Sjømannsgrava på Curacao og forlistet med MS SAGVÅG vil vera ein viktig del av programmet.**

Soknerådet har dei siste åra invitert til salmekveld om lag ein gong i halvåret. Med bakgrunn i funnet og restaureringa av sjømannsgrava på Curacao vart det tidleg bestemt at salmar og songar om sjøfolk kunne vera eit aktuelt tema. Reidar Ådnanes og Kristian Bringedal har førebudd ein kveld med sterke historier, tekstlesing og mykje song.

Reidar Ådnanes miste far sin i eit forlis med MS SAGVÅG på kysten i 1956. Dei omkomne vart funne og han har ei grav å gå til. Det same har Johan Bringedal og hans familie etter at grava til faren, Oskar Bringedal, vart funnen på Curacao i desember 2017. Oskar Bringedal døydde og vart gravlagd på den karibiske øya etter ei fallulukke på MT ANNA KNUDSEN i 1938.

Mannsgruppa Bakmennene opnar kvelden med Jakob Sande sin Åndeleg sjømannssong, henta frå diktsamlinga Det kveldar på Kobbeskjer ( 1965 ). Det vert meir om Jakob Sande som sjømann seinare i programmet. Reidar Ådnanes vil framføra Kollektbøn for sjøfolk og fiskarar frå alterboka 1920. Han fortel også om tida som sjømannsprest, om døden og gravlegging borte frå heimen.

Det vert mykje god song i Uskedal kyrkje denne kvelden, både solosong og salmesong. Ein av salmane er Ein båt i stormen duva av Elias Blix, ein salme mange minnest frå skulen.

Alle er hjarteleg velkomne til ein minnerik kveld i kyrkje på måndag kl. 19. Det er høve å gje ei gåve til Sjømannskyrkja.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Tidlegare sjømannsprest Reidar Ådnanes vil fortelja om forlistet med MS SAGVÅG der far hans omkom.